



Espen Åkra scora første målet i kampen.(Foto: Grenda)

Etter serierunden i helga ser det endeleg ut til å ha losna for fotballherrane til Rosendal. Etter ein tung vår slo dei til med storsiger med sifrane 6 - 1 på heimebane mot Vadmyra 2. Damene fekk det tyngre. Dei tapte 2 - 5 for Norheimsund. Også damene hadde heimekamp.

I kampen mot Vadmyra 2 starta Rosendal offensivt og godt. Allereie etter 2.minutt fann Kristoffer Rød Johannes Hjelmealand med ei god passning, og sistnemnde var nær scoring. 10 minutt seinare fekk Rosendal hol på byllen då Espen Åkra kjempa ballen i mål. Etter at gjestene hadde utlikna scora Rosendal ytterlegare to mål i

1.omgang. Dermed vart pauseresultatet 3 -1. Målscorarar var Stig Helle og Trond Hellingrud. Etter pause scora først Johannes Hjelmeland 2 mål før Sindre Omvik avslutta scoringsballet. Dermed kunne heimelaget gå av banen med flotte 6 - 1 i resultatprotokollen. Dette må vera inspirerande for gutane for no rykka dei opp i ryggen på Vadmyra 2, - berre eit poeng bak. Med tap ville dei vore heile 7 poeng bak.

5 uskedelingar var på banen i løpet av kampen. Det var Kristoffer Rød, Anders Bakke Berntsen, Jørgen Moberg, Tommy Røssland og Torbjørn Steinsvik.

Damelaget var fullt på høgde med motstandarane frå Norheimsund. Dei vann sjansestatistikken med klar margin, men det hjelper lite når Norheimsund hadde klart best utteljing. Dei scora 5 medan heimelaget berre kvitterte med 2. Dermed vart sluttresultatet borteseier med 2 - 5 etter 1 - 2 ved pause. Ingebjørg Haugland scora det første Rosendalsmålet og vart kåra til laget sin beste spelar av Grenda. Helene Skåla laga det andre målet.

I tillegg til Ingebjørg var det 4 uskedelingar med på laget. Det var Kari Bråtun, Anne Marthe Zimmer, Gørill Samland Eik og keeperen Kathrine Y. Røssland.

Av: Thor Inge Døssland.